



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for plan og næring
Møtestad	Alexandra Hotel, Loen
Møtedato	27.10.2014
Kl.	Kl 09:00 – 11:45

Faste medlemmer til stades:

Hilmar Høl Ap
Jorunn Eide Kirketeig Ap
Arve Helle Ap
Aleksander Øren Heen Sp
Bjørn Hollevik H
Rita Navarsete Frp
Klaus Iversen V

Forfall til møtet:

Karen Marie Hjelmeseter SP
Olav Klungre Krf

Varamedlemmer til stades:

Gunn Sande Sp
Beate Bondevik Lie Krf

Til stades med møte- og talerett:

Jan Heggheim og Svein Arne Skuggen Hoff

Sekretariat for møtet:

Oddveig Hove

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 23.09.2014 vart godkjend utan merknader.

Munnleg orientering:

Orientering om Sleipner Hoven ved Richard Grov
Ungt Entreprenørskap - orientering ved Holger Aasen
Friluftsorganisasjonane sine erfaringar ved bruk av utviklingsavtaler v/Marino Ask og Alf Erik Rørvik
Informasjon frå administrasjonen

**SAK 64/14 Skriv og meldingar Hovudutval for plan og næring
27.10.2014**

- 1: Svar - Høyring - forskrift om auke av maksimalt tillaten biomasse for løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogaure
- 2: Orienteringsbrev om Statsbudsjettet 2015 - 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk
- a: Vedlegg 1 fylkesfordeling 2015.xlsx (L)(99879).pdf
- b: Vedlegg 2 Grunnlag for skjønnsdeling.docx (L)(99880).pdf
- 3: Status økonomi - hovudutval for plan og næring sitt 2014-budsjett
- 4: Svar på tilråding frå hovudutval for plan og næring
- 5: Stønad til Fjord-Norge AS i 2015 og ny eigarbestilling

SAK 65/14 Møteplan Hovudutval for plan og næring 2015

VEDTAK:

Tirsdag 17. februar	
Onsdag 25. mars	
Tirsdag 5. mai	
Tirsdag 2. juni	Tertialrapport 1/2015
Tirsdag 29. september	Tertialrapport 2/2015, Budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019
Tirsdag 27. oktober	
Tirsdag 24. november	Budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019

**SAK 66/14 Høyring - Forslag til forskrift om adgang til å delta i
Kystfartøygruppa sine fiske for 2015 Særleg vekt på
opphøving av fylkesbindingar**

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar ei oppheving av fylkesbindingane, jf. forslag 1 i høyringa.

**SAK 67/14 Budsjett plan og næring - utgreiing av innsparingskrav
på lang sikt (2017-2019)**

VEDTAK:

1. Følgjande område skal utgreiast nærare for å oppnå innsparingskravet for åra 2017-2019:

Programområde 700 – Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

Desse områda er mest aktuelle for utgreiingar opp mot innsparingskravet (økonomiske verkemiddel).

- Kommunale næringsfond
- Omstilling
- Næringshagar
- VRI/eventuell ny FoU satsing
- Innovasjon Norge
- Breiband
- Reiseliv
- Sjømat
- Energi, industri og landbruk (vurdere heile område)

Utgreiingane vidare må omhandle også andre verkemiddel som arbeidskapasitet. Arbeidet med satsingsområda vil alltid bestå av ein kombinasjon av fleire verkemiddel. Når rolla som arenabyggar blir meir og meir sentral, kan det for ein skilde område bety meir vekt på arbeidskapasitet og fellestiltak enn økonomiske verkemiddel/tilskot.

Vi må i det vidare arbeid også sjå på alternative finansieringskjelder, og oppgåvedeling mellom fylkeskommunen og andre aktørar.

Programområde 480 – Diverse fellesutgifter (folkehelse)

Teneste 4802 – Folkehelse:

- Ordninga med partnarskapsavtalar med kommunane, om tilskot til stilling som folkehelsekoordinator
- Samhandlinga med organisasjonar, effektar av utviklingsavtalar og økonomiske tilskot

Programområde 715 – Lokal og regional utvikling

Teneste 7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid:

- Organisering og finansiering av regionale planar som oppfølging av regional planstrategi

Teneste 7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid:

- Tilskotsordninga for tettstadmidlar/stadforming

Teneste 7153 – Fellesfunksjonar og støttefunksjonar:

- Ungdomstiltak – roller, oppgåver, organisering og finansiering
- Integrasjon – roller, oppgåver, organisering og finansiering

Programområde 716 – Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk

Teneste 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning:

- Fylkeskommunen si rolle for oppfølging av verdsarvområda og økonomiske konsekvensar
- Fylkeskommunen si rolle i etablering av natur- og kulturparkar og økonomiske konsekvensar

2. Hovudutval for plan og næring endrar sitt vedtak i sak 61/14 *Budsjett 2015/Økonomiplan 2016 tilpassing til rammene plan og næring*, ved å omprioritere innan tenesteområde 7005 Nyskaping og redusere framlegget til kommunale næringsfond med 0,7 mill. kr. og auke budsjettframlegget til omstillingsarbeid med 0,7 mill. kr.

3. Hovudutvalet rår til at målekartet for næring og plan og samfunn, slik det er lagt fram i vedlegg 1, vert vedteke som del av budsjettet for 2015.

SAK 68/14 Omdisponering av breibandmidlar - Selje kommune

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

Hovudutvalet for plan og næring avslår søknad frå Selje kommune om omdisponering av breibandmidlar frå Eide og Barmen.

Midlane det er gitt tilsagn om til Eide og Barmen vil bli nytta til medfinansiering av nye breibandprosjekt i fylket.

Endringsframlegg:

Fylkesdirektøren trekkjer saka. Saka kjem opp til ny handsaming seinare.

Avrøysting:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vart trekt frå saklista. Saka kjem opp til ny handsaming seinare.

SAK 69/14 Solund kommune: Søknad om tilleggsøyving til mobilbasestasjon på Strand

VEDTAK:

Solund kommune får ei tilleggsøyving på kr 100 000 til mobilbasestasjon på Strand. Løyvinga kjem frå restmidlar frå breibandprosjekt som er gjennomført under budsjett eller som ikkje er realisert

SAK 70/14 Tildeling av breibandmidlar til kommunane

VEDTAK:

Hovudutvalet tek orienteringa til vitande

SAK 71/14 Høyring - Forskrift om utfisking av rømd oppdrettsfisk.

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør forslag til forskrift om fellesansvar for utfisking av rømt oppdrettsfisk.
2. Fylkeskommunen finn det positivt at ein legg til rette for at næringa kan prøve ut og hauste erfaring med sporing og merking av fisk. Dette er eit samfunns-politisk viktig signal frå oppdrettsnæringa og det er særleg viktig i vår region med fleire nasjonale lakseelver og laksefjordar.
3. Det må setjast eit høgt mål for treffsikkerheit når det gjeld å skilje villaks og oppdrettslaks. Dette for at feiluttak av villfisk ikkje skal få negativ innverknad

- på produksjon av yngel. Det må vere eit mål å lage nasjonale standardar for merking og sporing.
4. Det må stillast krav om å få verifisert at det faktisk er oppdrettsfisk som vert teke opp ved utfisking. Særleg er dette viktig i tida før systemet og ulike typar merker er utprøvd og evaluert.
 5. Det er viktig å lage ein handlingsplan for kvar enkelt elv slik at ein raskt og effektivt kan komme i gong med utfisking når dette vert rett i høve til kost-nyttevurderingar.
 6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at oppdrettarar som merker fisken sin, kan få fritak frå avgifta. For å få erfaringar om den ekstra handsaminga av fisken grunna merkinga, fører til meir sjukdom, dårlegare tilvekst osv. kan det stillast krav til oppdrettarane om at dette vert dokumentert som eit grunnlag for få fritak for avgift. Dette vil igjen bidra til å finne dei beste metodane.
